



Kjekk musikkstund ved SPAR Uskedalen.

Det har vore ei strålende pinstiafta, og det passa då svært godt at veteranane i Uskedal musikklag brukte litt av dagen til å spreie glede med glade blåsetonar ved Spar Uskedalen. Musikken samla godt med tilhøyrarar som ved applaus og tilbakemeldingar viste at dei sette pris på den uformelle konserten på ni nummer.

SpareBank
STIFTINGA KVINNHERRAD



GÅVEBREV

Uskedal musikklag

er tildelt

130 000,-

til prosjektet / aktiviteten

**Innkjøp av 3 nye instrument i
grovmessing.(1 tuba og 2 trom-
bonar)**

Husnes 29.05.2020

Svein Arne Eidsvik

Styreleiar

Daniel Morso

Dagleg leiar

Kjekk og viktig gåve til nye instrument frå Sparebankstiftinga.

I tillegg til å glede publikum var det minst 3 gode grunnar for musikkstunda. Det var ein nydeleg dag! Bandet ville markera leiarskiftet ved SPAR Uskedalen. Det var deira måte å takka dagleg leiar Bente L. Nilsen som hadde sin siste dag i leiarstolen, samstundes som dei ville ønskja Gunn Mari Moberg og Kjersti N. Børve lukke til med den vidare drifta. Sist, men ikkje minst, passa det godt å gje ein konsert dagen etter at musikklaget mottok ei raus og viktig gåve på 130.000 kr til nye instrument frå Sparebank1 Stiftinga Kvinnherad. Ekstra kjekt var det derfor at styreformannen der, Svein Arne Eidsvik, var blant publikum.

Konserten starta med to nummer som bandet har fått spesialarrangert, med tanke på songinnslag, av Bjørn Aakre i Trondheim, - Vikingarna-klassikaren 'Jag har drømt om ein stad' og den nydelege 'Songen frå vest' med tone av Roy Vorland og tekst av Knut Øygard.. I dag tok bandmedlemmene seg av vokalen sjølv og song to av versa.

Etter ein kort introduksjon av 'bandets Benjamin', Thor Inge Døssland, fulgte så seks perler med lett musikk til å bli glad av på rekkja og rad. Etter at dei hadde avslutta med frelsesarmèmarsjen 'March down the street', var det taktfast applaus, og kravet om meir musikk var såpass tydeleg at den aldrande gladgjengen ikkje kunne stå mot. Sjølv sagt kvitterte dei med ekstranummer. Det var ein naturleg slutt på den trivelege stunda, og det sette verkeleg ein spiss på tiltaket at så mange kundar stoppa opp og viste at dei sette pris på musikken. Godt var det også med is og kaffi som Kjersti N. Børve serverte musikanane i solsteiken etter at konserten var slutt.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Åse Neset/Thor Inge Døssland.